



Ungdommane byrjar verkeleg å få dreis på sprayboksane!

Mange har lagt merke til dei flotte kunstverka som Gaute Haugland m.a. har laga i samband med Festidalen. Derfor er det kjekt at andre kan få læra av kunstnaren. Som ein del av det nye tilbodet til barn og unge, Festidagen, underviser han i kunstforma si som er beslekta med grafitti.

- Det vert ikkje så mykje undervisning. Det vert først og fremst å få dei til å prøva seg fram, seier kunstnaren som no har ei lærarrolle. Han veit nok av eiga erfaring at det er viktig, der han er i gang med den første av tre grupper han skal ha i løpet av festivaldagane. Kvar gruppe har fem deltakarar. Aktiviteten ser ut til å gå med liv og lyst. Då vi var ein tur nedom Sandakaien var 4 ungdommar i aktivitet. Utstyrt med sprayboks og gassmaske hadde dei verkeleg byrja å få taket på kunsten. Dei 4 var Marta Tveito(17) og Henriette Rørdal(17) frå Husnes, Anine Enes(13 år i dag) frå Uskedalen og den mest langveisfarande Håvard Vesterheim(12) frå Osterøy.

Då vi spurde om kva dei unge kunstspirene synst om kunstverka til Gaute, var dei ganske så samstemte. - Kjempetilig, var ein karakteristikk som vart brukt. I morgon held Gaute fram med nye elevar.



Dei fire kunstspirene i arbeid saman med Festidalenkunstnaren.

Av: Thor Inge Døsland.